



SOGN REGIONRÅD



Programplan for System for styrka læring i Sogn 2022 - 2030

Bakgrunn frå evalueringar

- felles ramme rundt skuleutviklinga i regionen
- å lære av kvarandre- delingsprinsippet og delingskulturen
- nettverka er læringsarena
- samarbeidet med UH – sektoren
- små kommunar får mest igjen
- felles styrar og rektorsamarbeid
- kompetanse og det å ha tru på arbeidet
- barnehagen er med

Tverrfagleg samarbeid og nettverksbygging har også vore trekt fram som styrkar i arbeidet.



Prioritering av vidare arbeid frå leiarane


Barnehage	Felles	Skule
Psykisk helse og livsmeistring *		Psykisk (og fysisk) helse *
Ny barnehagelov *		Fagfornynging med dei tre overordna tema
Overgang barnehage/skule/vgs *		Overgangar og samanheng mellom lovverk og planverk *
Språk, fleispråklege og alle		Språk, gjennomgåande tema
Spesped , førtilmeldingsfase		Førtilmeldingsfasen Tilpassa opplæring Vurdering av effekt av tiltak
Foreldresamarbeid - vaksenrolla - tidleg innsats - berekraftig utvikling		Heim- skulesamarbeid
Tverrfagleg samarbeid		Tverrfagleg samarbeid
Det utforskande barnet		Elevrollen, elevmedverknad, klasseleing i ny kontekst
		Lærande organisasjonar
		Vurdering



Målsetjing og satsingsområde


Mål: Livsmeistring gjennom styrka tilpassa og inkluderande opplæring for alle

- Planen er lagt opp for langsiktig arbeid og vil gjelde for 2022-2030. Han er ei felles satsing i kompetanseregionen. Det same gjeld for lærarspesialistane sin funksjon og at pedagogisk-psykologisk-teneste (PPT) er sentral aktør i dette arbeidet.
- Programplanen har fire prioriterte programområde:



Arbeidsmodell

Finansiering av vidare- og etterutdanning har endra seg dei siste åra. Regional ordning for kompetanseutvikling i barnehage, rekom, og desentralisert ordning for kompetanseutvikling for skule, dekom, er reint barnehage- og skulebaserte og midlane blir tildelte direkte til kommunane som har fått barnehagar og skular med i ordninga etter søknad og prioritering i regionen. Vi må vektlegge å trekke vekslar på dette gjennom dei fora regionen har felles. Dette gjeld leiarsamlingar for barnehage- og skule og fagnettverka. På den måten kan fagkompetanse spreiaast, delast og styrkast i arbeidet. Dei parallelle linjene blir viste i modellen. Her kjem det og fram kvar vi legg til rette for deling.



Raud tråd i utviklingsarbeid

- Langsiktig arbeid
- Halde fast ved utviklingsarbeid over tid og vidareutvikle satsingar
- Satse på felles utviklingsområde for heile oppvekstløpet
- Dra nytte av utviklingsarbeid som går i enkelte kommunar
- Trekke inn FNs berekraftsmål
- Halde oppe fokus på overgangar og gjennomføring av skuleløpet

Proessen

Kva	Når	Kven
Nedsetjing av arbeidsgruppe	11.05.2020	Programstyret
Oppstartsmøte	23.06.2020	Arbeidsgruppa
Møte	01.09.2020	Arbeidsgruppa
Forankring og drøfting av målsetjing og satsing vidare	20.10.2020	Leiarar i barnehage, skule og kommune, samt ppt
Framlagde resultat etter leiarsamlinga den 20.10	09.11.2020	Programstyret
Møte	09.02.2021	Arbeidsgruppa
Informasjon om planen så langt	03.03.21	Programstyret
Styrarnettverk	23.03.21	Tilsette i bhg leiarar
Leiarsamling skule	24.03.21	Tilsette i skule , leiarar
Orientering om programplanen	21.04.2021	Regionrådet
Handsaming av plan	05.05.2021	Programstyret
Utsending av forslag til kommunane	07.05.2021	Administrativt
Tilbakemelding frå kommunane	Innspelsfrist 1.juni.2021	
Vedtak av plan i Sogn regionråd	11.06.2021	Regionrådet
Politisk handsaming i kommunane	Hausten 2021	
Rapportering til SR		